



Villaksens dag i Eira, Eresfjord 27. – 28. juli

Laurdag 27.juli, kl 12.00 – 16.00 VILLAKSSAMLING ved Coopen

Vi håper mange vil stikke innom stand og aktivitetar ved Coop og Fjord atmosfære. Villakssti, quiz, «fiskedam» for barn og informasjonsstand.

Søndag 28.juli. Aktivitetar i Eira i hølane Øvre og Nedre Fagerslett.

00.00 – 08.00 NATTFISKE.

Fritt fiske i Fagersletthølane for dei åtte første som melder seg interessert. Her må du ha med eige fiskeutstyr som er desinfisert. Påmelding.

09.00 – 13.00 BARN OG UNGDOM I ELVA. Fiske og kurs for barn og ungdom under 18 år. To instruktørar frå Nettet Jeger og sportsfiskerlag. Her blir det mogleg å lære seg kasteteknikk og å vurdere korleis ein best kan fiske i elva. Ikkje minst blir det gode råd om korleis ein kan få inn fangsten. Ein god laksefiskar må også kjenne til fiskereglar og korleis ein kan setje ut att fangst.

For den som ventar «på benken», blir det enkel servering av frukost/lunsj.

Du kan bruke eige desinfisert utstyr eller melde frå om du ynskjer å låne. Påmelding.

18.00 – 24.00 JENTER I ELVA. Fiske og kurs for kvinner. Tilsvarande program som for ungdom, men denne kvelden skal jentene hygge seg ved elvebreidda. Utpå kvelden leitar vi fram kaffelars og litt kveldsmat.

Påmelding

Påmelding til Nattfiske, Barn og ungdom i elva og Jenter i elva, finn du på

<https://eresfjord.no/> og på <https://www.niff.no/fylkeslag/moreogromsdal/lokallag/nettet>

Spørsmål kan rettast til Eira Elveigarlag, mobil 95499295 eller Nettet Jeger og sportsfiskerlag, mob 46635883.

Velkommen!

Helsing Nettet Jeger og sportsfiskerlag



Eira Elveigarlag